



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 04.06.2019  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

Orienteringar:

- Status på arbeidet med nytt Nærings- og tenestesenter
- Rassikring ved fotballbana
- Status høringsuttale vindkraft

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	Meldt forfall
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	Meldt forfall
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	Meldt forfall

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Håvard Engeseth	SO	Varamedlem	Vara for Ann-Jorunn Farestveit
Liv Anne Aanesen	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal
Roger Wilhelm Fure	SA	Varamedlem	Vara for Kjetil Eikefet

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
013/2019	Godkjenning av innkalling og saksliste
014/2019	Godkjenning av møteprotokoll
015/2019	Orienteringssaker
016/2019	Kjøp av bustadområde - Nedre Helland Gnr.78 Bnr.5.
017/2019	Økonomirapportering 1. tertial 2019
018/2019	Årsmelding og rekneskap 2018

**Notat frå møtet:**

## 013/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

---

## 014/2019: Godkjenning av møteprotokoll

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

## 015/2019: Orienteringssaker

### Behandling:

Status på arbeidet med nytt Nærings- og tenestesenter: teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik gjekk gjennom og viste endringane og justeringane som har blitt gjort i romprogrammet og i planløysingar innvendig. Formannskapet slutta seg til at ein går vidare i prosessen med det romprogrammet som no ligg føre. Ho informerte vidare om at prosjektleiar no er på plass etter anbodskonkurranse. Det er ute utlysing for å få på plass tekniske rådgjevarar i prosjektet. Detaljplanlegginga saman med prosjektleiar vil starte over sommarferien. Det er estimert at det vil ta ca 18 - 20 mnd frå dette arbeidet startar før bygget kan vere klart til opning.

Rassikring ved fotballbana: Rådmannen og teknisk sjef orienterte kort om at fotballbana no er opna for bruk igjen, med unntak av dagar med store nedbørsmengder. Det vert no jobba med å prosjektere permanent rassikring ved bana i form av gjerde med nett.

Status høyringsuttale vindkraft: Ordførar starta med å stille spørsmål om habilitet i samband med å diskutere prosessen med å skrive høyringsuttale til NVE ang nasjonal ramme for vindkraft. Formannskapet meinte at ingen var ugild til å diskutere prosessen for den politiske handsaminga av saka. Ordførar foreslo at han legg fram forslag i kommunestyret 13.juni om at det vert utarbeidd politiske høyringsuttalar som vert handsama i kommunestyret 5. sept. Frist for innsending av høyringsuttaler er 1. okt 2019. Formannskapet slutta seg til ordførar sitt framlegg.

Orienteringssakene vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

016/2019: Kjøp av bustadområde - Nedre Helland Gnr.78 Bnr.5.

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om saka og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Modalen kommune kjøper regulert bustadområde frå grunneigar på Nedre Helland, Gnr. 78 Bnr.5. for kr. 30,- pr. m2 . Bustadarealet er ca. 15 500 m2. Grunneigar beheld ei av tomtene. Endeleg oppgjer etter oppmåling. Kjøp av tomtearealet gjennomførast i 2019. Det er løyvd midlar til prosjektet i investeringsbudsjettet for 2019.

---

017/2019: Økonomirapportering 1. tertial 2019

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om saka og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Økonomirapporteringa for 1. tertial 2019 vert teken til orientering.**

---

018/2019: Årsmelding og rekneskap 2018

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad og rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål.

Vedtak:

**Modalen kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2018 vert godkjent.**

---